



MELAND KOMMUNE
Ordføraren

Til alle fjerdeklassingar i Meland

I år feirar vi at det er 200 år sidan vi i Noreg fekk vår eiga grunnlov. Vi håpar de har lyst å vere med å feire grunnlovsjubileet saman med oss fredag 7. november!

Då inviterer Meland kommune til folkefest i Storstova på Nordhordland folkehøgskule, og vi skal feire grunnlova med eit kulturprogram som vi gjerne vil at de skal vere ein del av. Vi håpar de kan syngje «Det går et festtog gjennom landet» og tre av versa på «Vi ære en nasjon vi med» saman med Meland Musikklag (tekstane er lagt ved).


Vi møtast i Storstova på Nordhordland folkehøgskule for ei lita øving saman med Meland Musikklag kl. 18.00, og sjølve folkefesten startar kl. 19.00. Supert om alle tek på seg litt pynta konsertklede, men ingen treng finne fram bunaden.

Kjekt om familiane gir tilbakemelding til skulen eller til kulturskulen@meland.kommune.no innan måndag 3. november om de vert med, slik at vi veit kor mange unge songarar vi skal gjere klart for.

Hjarteleg velkomen!

Frekhaug 25.09.2014

Med helsing


Nils Marton Aadland
Ordførar